



# DEN NORSKE KYRKJA

## Leikanger sokneråd

Leikanger 09.februar 2021

**Til stades: Signe Eikenes, Åse Kongsvik, Jon Erling Oppedal, Tore Oddvin Stølen, Tove Stensås, Elin Borlaug Hauge, Vegard Bondevik Lie.**

### **Sak 07/21**

Innkallinga og referatet vert godkjent

### **Sak 08/21      Skriv og meldingar**

#### **Saksframstilling:**

##### *Skriv*

- Elektronisk brev frå Den Norske Kyrkja om menighetsmøte (årsmøte) 2021

##### *Møtebok*

- Referat etter møte i Diakoniutvalet 25.01.21

##### *Meldingar*

- Gjennomføring av konfirmasjonsgudstenester 2021. Soknerådet har gjeve innspel til alternativ for gjennomføring av konfirmasjonane etter ein e-postrunde mellom medlemmene i soknerådet.
- Fellesmøte 20.april (18-20) på Stedjetunet med samtale og deling av erfaringar vi har frå arbeidet med dei frivillige.

##### *Orienteringssaker:*

- Gudstenestene sidan sist v /Vegard
  - Samling med utdeling av bibel for 11-åringane sist sundag vart utsett.
  - Salmar og kaffi 24. januar med digital formidling.
- Handtering av koronasituasjonen v/ Vegard

##### Framlegg til vedtak:

Skriv, meldingar og orienteringane vert tekne til vitande.

##### Vedtak:

Skriv, meldingar og orienteringane vert tekne til vitande.

### **Sak 03/21:      Konsertførespurnad**

#### Saksframstilling:

Saka var oppe i Leikanger sokneråd 12.januar 2021, og det vart gjort følgjande vedtak: *Dette er ein konsert som vi ønskjer velkomen, men på bakgrunn av vedtektene kan det vere vanskeleg for soknerådet å stå som medarrangør. Vi ønskjer å bruke meir tid på å finne ut av detaljane, og ønskjer å ta denne saka opp att i neste soknerådsmøte.*

Duoen Vestavill med Marita Rabben og Ingvill Holter ynskjer å framføre konsertprogrammet "Jostedalsrypa" i Leikanger kyrkje våren /sommaren 2021. Hovudverket er eit heilt nytt bestillingsverk i 2020 av komponisten Henning Sommerro. Det er basert på den gamle saga om Jostedalsrypa.

*Dei kom frå Luster  
Drog over isen og kom til ei tom bygd  
Historia om jenta vart skapt*

Dette er utdrag frå teksten. Mange er fascinerte av historia om Jostedalsrypa, den vesle jenta som overlevde Svartedauden og plutseleg var heilt aleine i verda. I desse pandemi-tider blei stykket plutseleg forunderleg aktuelt.... I løpet av konserten møter ryupa også på både Grieg /Gardborg si "Haugtussa".

Duoen vil også framføre nokre av Sommerro sine vakraste viser om livet, håpet og kjærleiken.

Konserten vil bli framført i fleire kyrkjer, og på nokre konsertar vil Sommerro bli med sjølv og ha ei eiga avdeling med egne songar. Vi veit ikkje om dette er aktuelt i Leikanger.

Leikanger sokneråd har fått spørsmål om å vere bli medarrangør på ein slik konsert. Kyrkja bistår med marknadsføring, billettering, lokale og eventuell pianostemming. Utøverane står sjølv for honorar, reise og opphald, og dei får billettinntektene.

Eit slikt opplegg vil ikkje vere i samsvar med vedtektene (oktober 2018) vi har for utleige av kyrkja. Ved å vere medarrangør må Leikanger sokneråd bere leigekostnaden for kyrkja, den er på 1500 kr. Sjå vedlegg

Leikanger sokneråd kan like vel gå inn for eit slikt opplegg og vere medarrangør, dersom vi meiner ein slik konsert er viktig å gjennomføre i kyrkja. Soknerådet må då betale leigekostnaden til fellesrådet.

Signe og Vegard har drøfta saka vidare med Hallgeir. Vi ser dei prinsipielle vanskaner, og tenkjer at vi ikkje kan tilby duoens særbehandling med gratis bruk av kyrkja. Pianoet skal stemmast i løpet av sommaren, så dette er ei utgift dei slepp å ta. Like eins kan vi hjelpe til med overnatting og andre ting for å halde kostnadene nede.

#### Framlegg til vedtak:

Dette er ein konsert som soknerådet ønskjer velkomen. Soknerådet vil forhalde seg til vedtektene vedtekter for utleige av kyrkjene, og av den grunn ynskjer vi ikkje å stille som medarrangør. Vi kan hjelpe til med overnatting og praktiske ting for å halde kostnadene nede.

#### Vedtak:

Dette er ein konsert som soknerådet ønskjer velkomen. Soknerådet vil forhalde seg til vedtektene vedtekter for utleige av kyrkjene, og av den grunn ynskjer vi ikkje å stille som medarrangør. Vi kan hjelpe til med overnatting og praktiske ting for å halde kostnadene nede.

### **Sak 09/21:    Tekstlesarkurs**

#### Saksframstilling:

Soknerådet har fått spørsmål frå Kyrkjekontoret om å delta på eit felles opplegg med kurs for tekstlesarar. Kyrkjekontoret ynskjer å engasjere kursleiar Anne Kristin Aasmundstveit frå Bibelselskapet, og skisserer to alternative opplegg:

Alternativ 1: Anne Kristin kjem til Sogndal tidleg haust -21, og held kurs. Kostnad kr.5000,- pluss dekking av reise og overnatting. Utgifter fordelt på sokna som deltek. Ho ynskjer 10-12 deltakarar, kan vere fleire men då med mindre tid og øving for den einskilde. Kan bruke to kveldar om gruppa er stor.

Alternativ 2: Nett kurs med Anne Kristin som førelesar. 4 deltakarar samtidig, t.d på Stedjetunet. Pris kr. 550,- pr.deltakar frå kyrkjelyden. Kurset kan takast fortløpande etter avtale med Anne Kristin og kvart sokn kan ta eige initiativ, men Kyrkjekontoret v/ Gitte ynskjer attendemelding om dette. Nettkurset kan verte med deltakarar frå kyrkjelyder andre stader i landet.

Link til kursleiar:

<https://bibel.no/kunnskap-og-laring/tekstleserkurs#se-video>

<https://bibel.no/kunnskap-og-laring/tekstleserkurs>

#### Framlegg til vedtak:

Soknerådet er positivt til å oppmode frivillige medliturgar om å bli med på eit tekstlesarkurs. Alternativ 1 vurderer vi til å vere det beste alternativet og vil tilrå dette.

Vedtak:

Soknerådet er positivt til å oppmode frivillige medliturgar om å bli med på eit tekstlesarkurs. Alternativ 1 vurderer vi til å vere det beste alternativet og vil tilrå dette.

**Sak 10/21: Oppdrag med utbetring av Leikanger kyrkjelydshus**

Saksframstilling:

**Roteskader**

Ved utvendig vedlikeholdsarbeid på Kyrkjelydshuset hausten 2020 vart det oppdaga roteskader på vindaugslister og vegg mot vest. I tillegg også roteskade på vannstokk på vegg mot nord. Ved nærare synfaring vart det konstatert meir omfattande skader enn det som først vart avdekket. Husstyret vurderte skadene så omfattande at me ynskte å kontakte entreprenør for å få vurdert omfanget, og å kome med eit prisoverslag for utbedring av skadene.

Prisoverslaget ville også vere ein del av grunnlaget for avgjerd om me skulle ut på anbod. Terskelverdi ved offentleg anskaffing ved anbod eller ikkje, er kr 100 000,- eks. mva.

Husstyret tok kontakt med Byggmeister Langeteig og Volldal AS for synfaring og kome med eit prisoverslag på oppdraga. Etter synfaring med Svein Arne Volldal hos Byggmeister Langeteig og Volldal AS har husstyret motteke pristilbod på oppdraget.

Oversikt pristilbod frå Byggmeister Langeteig og Volldal AS:

1. Utbedring av roteskader utvendig inkl. 3 nye to-rams vindaug, utlekting og ny kledning. Det er tidlegare kjøpt inn to små vindaug til 2. etg. Montering av desse er med i tilbodet. Gjennomgåande sprosser vil medføre pristillegg på kr 1100,- + mva. pr. vindaug.  
Tilbydar tek fylgjande atterhald og vert rekna som pristillegg:
  - skjulte roteskader
  - påkreva oppretting
  - tilleggsisolering  
  - Pristilbod kr 57415,40
2. Overbygg inngangsdør mot vest for å skjerme ytterdør mot nedbør. Regnvatn renn frå vegg nedover døra slik at døra tek skade. Dryping av regnvatn gjer det også utriveleg å ta seg inn og ut av bygget for brukarane.
  - Pristilbod kr 13589,89
3. Ombygging av herretoalett til vaskerom. Det har lenge vore ynskjeleg å gjere fasilitetane for reinhald bedre.  
Vaskerommet som er i bruk i dag er svært lite. Det er ynskjeleg med vaskerom slik at ein kan få plass ei vaskemaskin for vask av klutar og moppar. Det vil framleis vere to toalett igjen etter ombygging.
  - Pristilbod kr 14551,89
4. Rigging av anlegg, stillas, fjerning av avfall osv.
  - Pristilbod kr 7428,78

Sum pristilbod kr 93 000,- + mva.

Sjølv om pristilbodet ligg under terskelverdi på kr 100 000,- har styret likevel vurdert utlysing av oppdraget.

I tillegg til at pristilbudet er under kr 100 000,- har også husstyret teke med i sine vurderingar at førre husstyre hadde god erfaring med Byggmeister Langeteig og Volldal AS frå tidlegare oppdrag på kyrkjelydshuset.

Firmaet har også erfaring frå ombygging og vedlikehold av eldre bygg. Husstyret går difor inn for å tilby Byggmeister Langeteig og Volldal AS oppdraget.

Husstyret har også, pr. telefon, lagd fram sine vurderingar på val av leverandør til Sogndal kyrkjeleg fellestråd v/ kyrkjevevje Jorunn Merete Haukås-Eide. Haukås-Eide støttar vurderingane og avgjerda til husstyret.

#### Framlegg til vedtak:

1. Husstyret for Leikanger kyrkjelydshus tilrår å akseptere tilbodet frå Byggmeister Langeteig og Volldal AS, med dei atterhald firmaet har kome med, for å utføre oppdraga ved kyrkjelydshuset.
2. Husstyret ber soknerådet avgjere om vindaugo som skal skiftast skal ha gjennomgåande eller utanpåliggande sprosser.
3. Utvendige roteskader må prioriterast dersom oppdraga må prioriterast
4. Oppdraget vert finansiert ved bruk av eigenkapital. Det vil også verta søkt om midlar frå moegelege fond.

#### Vedtak:

1. Husstyret for Leikanger kyrkjelydshus tilrår å akseptere tilbodet frå Byggmeister Langeteig og Volldal AS, med dei atterhald firmaet har kome med, for å utføre oppdraga ved kyrkjelydshuset.
2. Soknerådet vedtek å gå for gjennomgåande sprosser på vindauga.
3. Utvendige roteskader må prioriterast dersom oppdraga må prioriterast
4. Oppdraget vert finansiert ved bruk av eigenkapital. Det vil også verta søkt om midlar frå moegelege fond.

### **Sak 11/21:      Alternativt opplegg for gudsteneste 28.februar**

#### Saksframstilling:

På grunn av koronasituasjonen er vi usikre på kor mange vi får lov til å ha inne i kyrkja. Vegard føreslår oppmøte kl.19 ved kyrkjegarden i Husabø eller kaien på Leikanger, og at vi går derifrå med faklar inn til kyrkja. Utanfor kyrkja kan vi ha ei bålpanne, servere varm saft og noko å ete. Vidare kan vi ha eit opplegg utanfor kyrkja eller inne avhengig av koronasituasjonen. Konfirmantane vil ta del. Vegard vil gje ei nærare orientering om forslag til opplegg for gudstenesta 28.februar i møte.

#### Framlegg til vedtak:

Soknerådet er samd i at det blir eit alternativt opplegg til kveldsgudstenesta søndag 28.februar.

#### Vedtak:

Soknerådet er samd i at det blir eit alternativt opplegg til kveldsgudstenesta søndag 28.februar.

### **Sak 12/21:      Plan for frivillige - rutineskildringar**

#### Saksframstilling:

Saka var oppe i Leikanger sokneråd i møte 14/20 og 22/20.

Det vart nedsett ei gruppe til å sjå nærare på rutine og kalle inn Gitte Thorstad til eit møte. Tove, Eli og Signe Eikenes har gått gjennom rutineskildringane for frivillige som er laga for Sogndal kyrkjelyd. Det har også vore eit møte med Gitte. Følgjande rutineskildringar er gjennomgått og tilpassa til Leikanger kyrkjelyd: Babysong medhjelpar, Besøkstenesta, Kyrkjekaffivert, Kyrkjevert og Medliturg. Rutineskildring Brannvakt er identisk med den for Stedje kyrkje.

Når det gjeld rutineskildding for Tysdagstreffet, kom Soknerådet fram til at det skal vere tysdagstreff ein gong i månaden, i staden for kvar fjortande dag som har vore vanleg til no. Tove arbeider vidare med denne.

Tove Stensås vart vald til gruppeleiar for gruppeleiarane.

Framlegg til vedtak:

Rutineskilddingane for Babysong medhjelpar, Besøkstenesta, Kyrkjekaffivert, Kyrkjevert og Medliturg vert vedtekne. Det gjenstår å få på plass gruppeleiarar. Eli, Tove og Signe kontaktar konkrete personar til neste møte.

Vedtak:

Rutineskilddingane for Babysong medhjelpar, Besøkstenesta, Kyrkjekaffivert, Kyrkjevert og Medliturg vert vedtekne. Det gjenstår å få på plass gruppeleiarar. Eli, Tove og Signe kontaktar konkrete personar til neste møte.

**Sak 13/21: Ymse**

- Nytt medlem i husstyret er Ida Gjørstad Røysum
- Ny rekneskapsfører for Kyrkjelydsbladet er Arnold Hundershagen
- Susan Husabø held fram med å ha ansvar for å sende ut Kyrkjelydsbladet til personar utanbygds
- Kjetil Netland har saman med ein kunstnar laga plakatar til ei krossvandring langfredag i påskeveka. Soknerådet vedtek å bestille desse for oppsetjing på kyrkjegarden.

Referent

Tove Stensås